# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2012 44. årg.





**Vår Salme**

side 3



**Lykkeliten**

side 4



**Nye oppgaver**

side 6



**Gullkonfirmantar kjem saman**

side 7

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

| | |
|---|---|
| telefaks | tlf. 51 77 03 60 |
| Prost: Kjell Børge Tjemsland | tlf. 416 38 048 |
| Sokneprest: Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 970 99 661 |
| Diakon: Torild Egeland Reime | tlf. 911 81 696 |
| Sekretær Bryne sokneråd: Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Time sokneråd: Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandsmark | tlf. 996 26 157 |
| Sekretær: Kari W. Ødegaard | tlf. 51 77 03 77 |
| Sekretær: Siri Vik | tlf. 51 77 03 76 |
| Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland | tlf. 51 77 03 69 |
| Konsulent: Tor Aase | tlf 51 77 03 63 |
| Prosjektleiar trusopplæring: Jorunn M. Ueland | tlf. 975 07 517 |

**Time**

| | |
|---|---|
| Organist: Oddny Underhaug | tlf. 900 11 178 |
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad | tlf. 476 23 950 |
| Klokkar: Sofie Braut | tlf. 986 55 128 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

**Bryne**

| | |
|---|---|
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Klokkar: Leif Andenes | tlf. 909 93 176 |
| Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg | tlf. 938 31 623 |
| Barne- og ungdomsarbeidar: Jorunn Pettersen | tlf. 51 77 03 72 |
| Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge | tlf. 51 77 03 77 |

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no

| | |
|---|---|
| Ungdomsprest: Ole Tørring | tlf. 951 78 971 |
| Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim | tlf. 900 34 326 |
| Administrator Lye: Sigurd Idland | tlf. 466 98 050 |

**Undheim**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Per Børge Hillestad | tlf. 934 42 919 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Soknerådsleiar: Kåre Sigurd Undheim | tlf. 51 48 43 07 |
| Undheim kapell | tlf. 51 48 68 20 |

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time@soknerad.no
Bryne sokneråd: bryne@soknerad.no
Undheim sokneråd: undheim@soknerad.no

# Til ettertanke



Ole Tørring

## HØSTEN ER MODEN!

Så var endelig ferien over, og jobb og finværet kunne begynne. Det er slutt på sommeren. En sommer i sportens tegn. Først fotball-EM, så Tour de France og til slutt OL. Det tar mye tid om en skal følge med på alt. Alt fra nydelige stemningsbilder fra den franske landsbygden til en sørlending som ikke greide å hive langt nok og bare fikk en 6. plass blant verdens beste pinnekastere. Men alt har sin tid, og om ikke lenge er dette kun vage minner for de fleste av oss. Det slår meg at mye av det vi bruker tiden vår, ressursene våre og til og med talentene våre på, er flyktige ting. Ting som ikke er varige.

Matt. 6,21 sier: For hvor din skatt er, der vil også ditt hjerte være.

For noen år siden lærte jeg at ca 75 % av norges befolkning er medlemmer av statskirken, men at drøyt 3 % brukte den jevnlig. Og selv blant disse er det en del som ikke kan for øyeblikket, og dessverre også en del som ikke alltid vil investere i den evige skatten. Vi har nok med alt det vi må følge med på. Alle fritidssyslene våre. Troen blir bare en ny aktivitet som vi prøver å presse inn i en allerede opptatt hverdag. Fra en undersøkelse i Australia lærte jeg at 19 av 20 som tok et standpunkt for å følge Jesus, gjorde dette før de var 25 år. Etter dette ble, i snitt, 1 av 10 000 kristne. Etter 35 år var tallet 1 av 50 000 og etter 45 år 1 av 200 000. Av dette slår det meg at de fleste velger å si ja til Jesus i barne- og ungdomsårene, men og at vi er DÅRLIGE til å dele troen vår med voksne.

Men tenk om høsten er moden. Og tenk om du fikk være med. Tenk deg at du var den en venn kontaktet for å finne ut hvor han/hun skulle begynne å lese i bibelen. At du fikk investere i evigheten til medmennesker. Det er få ting som gir slik glede og energi inn i våre kirker som når noen sier JA til Jesus. La oss be om at enda flere skal få del i den skatten som heter EVIG LIV. Da får vi se om vi investerte rett her på jorden.

Mitt ønske for høsten er at kirkene våre blir fylt av mennesker som ser at HØSTEN ER MODEN, og som ønsker å dele budskapet om at Jesus lever og at han er nær. Jesus, her er jeg. Send meg!!

*Ole Tørring*

# Vår Salme



*Gerd og Karsten Åsland, Bryne*

-Det er makt i de foldede hender, svara Karsten Åsland spontant då han fekk utfordringa frå Helgedagen om å velgja sin salme. -Eg kan fysisk ikkje falda hendene, men likevel kan eg venda meg til allmaktens Gud". Trygve Bjerkrheim kom med denne songen i 1955, det året eg møtte Gerd, kona mi. Songen har i mange år betydd mykje for oss begge. -Det er svar undervegs om me må vera tålmodige! -Ja, når me er hjelpelause og små er det godt å få kvila i desse versa, tykkjer Gerd. -Å lesa denne salmen talar like mykje til meg som når me syng den.

Bakgrunnen for salmen er eit sitat frå ein tale i 1954. Det var misjonær Jon Berg som talte om bøn, og ein setning frå talen festa seg hos diktaren: ***Fronten med dei falda hender er den veldigaste stormakt i verda.***

Trygve Bjerkrheim skreiv dette ned på eit lite blomsterkort, og i 1955 fekk me salmen.

### Makt i de foldede hender

*Det er makt i de foldede hender,*
*i seg selv er de svake og små.*
*Men mot allmaktens Gud du dem vender :*
*Han har lovet at svar skal du få.*

*Kor :Det er svar underveis,*
*engler kommer med bud.*
*Om det drøyer, det fram dog skal nå.*
*For det lovet jo løftenes trofaste Gud :*
*Kall på meg og du hjelpen skal få !*

*Du som ber for ditt barn, dine kjære*
*er i forbønn fra år og til år,*
*Om du tålmodets lekse må lære,*
*himlens bønnesvar en gang du får.*

*Det er makt i de foldede hender*
*når i Frelserens navn du får be.*
*Og engang, når du livsløpet ender,*
*hvert et bønnesvar klart skal du se.*
*Tekst: Trygve Bjerkrheim*

***Foto framside: "Pilegrimvandring - Hå gamle prestegård " av Knut Aalgaard***

**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Knut Aalgaard og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net /knut.aalgaard@c2i.net og må vera oss i hende innan 28. september.
Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 16. oktober 2012.



*Samlingsstund på Lykkeliten, der mødrene er sammen med ungene. Fra venstre Natasja Bijl, Monica Hisken, Anne Gunn Vassbø, Lill-Stine Haugland, Helene Time, Kristine Grødem og Kari Stokka*

# Lot seg ikke stoppe av nedleggelse

## Startet sin egen barnehage

**Foreldrene var ikke rådløse da kommunen felte dødsdommen over det åpne barnehagetilbudet på Lyefjell. De startet like godt sin egen åpne barnehage.**

Et knippe kreative mødre ville ikke at ungene skulle stå uten tilbud og lot seg ikke stoppe av at den åpne kommunale barnehagen ble lagt ned. Den nye barnehagen som holder til i Lye forsamlingshus, har fått navnet Lykkeliten.

**Mistet tilbudet**

-Dette var det eneste tilbudet for de minste barna våre, så vi ønsket derfor å etablere et alternativt tilbud med åpen barnehage på Lyefjell, sier en av initiativtagerne til Lykkeliten, Kristine Grødem. Hun har hatt både Daniel (4 år i september) og Torjus (1 år) med i den åpne barnehagen fra starten.

-Jeg gikk i den kommunale, åpne barnehagen på Lyefjell med Oskar (7 måneder) og Nina (3 år), sier Helene Time. -Når vi plutselig sto uten et tilbud, måtte vi gjøre noe, sier hun som ikke ønsker at ungene skal gå i vanlig barnehage nå.

-Hvorfor åpen barnehage?

**Variert innhold**

-Her treffer vi andre mødre med små barn som vi kan bli kjent med. Og ungene storkoser seg. Dette er et godt tilbud, sier Helene Time.

Og tilbudet er både variert, innholdsrikt og sosialt.

-Samlingene inneholder både lek og en liten samlingsstund med sang og musikk for barna. Da Helgedagen besøkte Lykkeliten, var Noahs ark tema. De som kommer til barnehagen spiser lunsj sammen. Alle tar med mat og drikke selv, med unntak av kaffe som serveres til de som vil ha. Tilbudet koster 10 kroner hver gang.



*Lill- Stine Haugland og Timian. Til venstre Oskar Time*

**Babysang annen hver gang**

Nytt fra i høst er at det annen hver onsdag også vil være baby- eller småbarnssang for de aller minste under samlingen, og der vil organist i Time, Per Olav Egeland, lede an. Den nye, faste ansatte på forsamlingshuset, Sigurd Idland, er forsamlingsstyret sin kontakt overfor de ansvarlige for Lykkeliten.

Den første åpne barnehagen i Norge ble etablert på Holmlia i Oslo i 1988, og i utgangspunktet var den ment for å kompensere for manglende barnehagetilbud. Men selv om barnehagetilbudet er bygd ut, og det i praksis nesten er full barnehagedekning, er det ikke alle som ønsker å sende barna til barnehage. Mange vil være hjemme med ungene de første årene. I dag er det en rekke åpne barnehager i landet med flere tusen barn. På Lyefjell er Lykkeliten åpen for alle.

**Dekker et behov**

-Mange mødre, og noen fedre, er hjemme med ungene sine på formiddagen, og da er dette et godt tilbud til småbarnsforeldrene, sier Kari Stokka som står sentralt i arbeidet med Lykkeliten.

Den åpne barnehagen skiller seg fra en ordinær barnehage ved at barna ikke tildeles fast plass. Barna kan komme til barnehagen sammen med en av foreldrene eller en annen omsorgsperson innenfor barnehagens åpningstid. Det kan derfor være forskjellige barn i barnehagen fra gang til gang. Her er ingen fast ansatte, og virksomheten drives på dugnad.

**Startet Lykkeliten**

Lykkeliten så dagens lys i januar, og samlingsdagen har vært tirsdag på Lye forsamlingshus, men fra **i høst er det samlinger hver onsdag fra klokken 9.30 til 13**, sier Kari Stokka. Hun opplyser at det i vår i gjennomsnitt var 15,7 unger på samlingene.

Alle som har barn under skolepliktig alder er velkommen til Lykkeliten. Og de trenger ikke bo på Lyefjell for å være med.

*DHF*



*Natasja Bijl, Tobias, Helene Time , Oskar, Lill-Stine Haugland og Timian*



*Mina Time, til venstre, og Karoline Haugland har funnet frem lekene*



*Monica Hisken med Lisa, til venstre, og Anne Gunn Vassbø med Sondre.*



*Til venstre: Karoline, til venstre, og Mina på samlingsstund der tema er Noahs ark. Bak Helen Time med Oskar. Helt til høyre skimtes Kristine Grødem og Torjus*

*Til høyre: Helene Time med Oskar, Mina Time, Torjus og Daniel Grødem*





# Leif Oscar Reiestad

**Faktaboks:**

| | |
|---|---|
| *Alder:* | 32 år |
| *Adresse:* | Ålgård |
| *Sivilstatus:* | Gift med Ellen Merete.<br>3 Born:7, 5 og 2 år |
| *Utdanning:* | telologutdanna frå MF 2005 |
| *Arbeidserfaring:* | Tjensvoll Menighet 2 1/2 år;<br>til Bryne i mars 2008 |
| *Fritidsaktivitetar:* | halda seg i form,<br>glad i praktisk arbeid |
| *Eigenvurdering:* | kreativ, distre og progressiv |

**Leif Oscar Reiestad har slutta som prest i Bryne kyrkjelyd, og i det høve har Helgedagen hatt ein samtale med han.**

*Kva forventningar hadde du når du starta opp her for 4 år sidan?*
Eg forventa å møta ein offensiv kyrkjelyd, utadretta, som satsa på ungdommen. Vidare rekna eg med det ville verta ei krevjande stilling med mykje ettermiddags- og kveldsarbeid!

*Vart det sånn du tenkte deg?*
Ja, langt på veg. Men eg merka at eg hadde kome til Jæren – høg arbeidsmoral og god arbeidskultur. Korte kommandolinjer – frå ord til handling. Stab og kyrkjelyd var veldig positive til nye tankar og idear. Men det vart og - som eg tenkte – ei krevjande stilling. Utfordringar med å få tak i frivillige. Me må vokta oss vel for ikkje å verta ein aktivitetskyrkjelyd. Me skal vera ein motkultur til kavet og stresset i kvardagen. Ein stad for ro, ettertanke, la folk få oppleva noko…….

*Kva har gitt deg mest?*
Både det å få vera med å byggja opp Ungkykja att og prosjektet på Rosseland har vore spanande og utfordrande. Turane me har hatt i Ungkyrkja har vore høgdepunkt!

*Kan du seia litt meir om arbeidet i Ungkyrkja?*
Me har no ein god og stabil gjeng på 30-40 stk. Det har vore ei fin utvikling gjennom desse 4 siste åra. Gjennom ulike aktivitetar, ungdomsgudsteneste, interessegrupper, samtalegrupper, turar osv har me greidd å skapa eit flott miljø der ungdommen sjølv tek stort ansvar. Me har eit velfungerande og oppegåande styre. Rekrutteringa til Ungkyrkja skjer oftast gjennom jungeltelegrafen. Men dei siste åra har og Facebook vorte eit viktig hjelpemiddel!

*Har du ei utfordring å gje til kyrkjelyden på Bryne?*
To utfordringar:

1. Vera ein motkultur til storsamfunnet sine forventningar og tempo. I Bryne kyrkjelyd må me sjå på om me kanskje gjer for mykje.
2. Vera den "opne famns kyrkje" og formidla ein raus Gud. Den indre kjerna i kyrkjelydane våre har lett for å framstå som ganske uniforme, og me står i fare for å kommunisera ein "livsstilkristendom". La kyrkja vera eit fellesskap med rom for mangfald, meiningsbryting og undring!

*Kva skal du no ta fatt på?*
Noko heilt anna. Eg skal verta leiar for SFO på Kleppe skule. Valet er mellom anna gjort av omsyn til familien. Eg trengst meir på heimebane, og i den nye jobben er det lite eller ingenting kveldsarbeid.
Men for å gjera det klinkande klart: eg har stortrivest her i kyrkjelyden, hatt utfordrande og spennande arbeidsoppgaver, treft mange kjekke og jordnære menneske, hatt gode og kompetente kollegaer – i det heile ein topp arbeidsplass!

Eg sit att med mange gode minne etter 4 år på Bryne!

*AV*

# Lars Salte - gullkonfirmant hausten 2012



*Konfirmantane 1962 utanfor Time kyrkje*

**Helgedagen tok ein prat med Lars Salte – brynegut som snart skal feira at det er 50 år sidan han stod konfirmant i Time Kyrkje.**



*Besteforeldre Kristiane og Rasmus Mjølhus – Lars Salte – foreldre Gunvor og Monrad Salte*

Lars  Salte er son til Gunnvor og Monrad Salte og voks opp i Reevegen på Bryne. Sidan 1969 har han studert og jobba i Oslo. Er utdanna sosialøkonom og arbeider i Forsvarsbygg. Bur på Røa i Oslo. Han er gift med Anne Birgitte Rørtveit frå Imsland, og dei har tre born som alle bur i Oslo.

*Kor mange konfirmantar var de i 1962?*
Me  var 117 konfirmantar som fordelte seg slik etter skulekrins:

Bryne  51
Frøyland 25
Undheim 20
Hognestad 10
Vestly 8
Eikeland 3

Det var ein stor flokk, og så langt eg kjenner til, er det berre 26 av gullkonfirmantane som bur utanom jærområdet.

*Kven var prest i Time på den tida?*
Prestar i Time Sokn var Caspar Hennig og John Neergaard Flacke. Me på Bryne hadde Hennig og bygda hadde Flacke. Undervisninga for oss på Bryne var i Folkeskulebygget. Det vart fortalt at prestane hadde dårleg erfaring med å ha undervisninga i kyrkja. Konfirmantar som kjeda seg, hadde laga bråk og enkelte hadde brukt energien på blant anna å skjera merke i kyrkjebenkene.
Eg hugsa godt me grudde oss til overhøyringsgudstenesta. Kunnskapane våre skulle prøvast, og spesielt var me redde for å måtte ramsa opp salmevers som me skulle kunna utanatt!

*Hugsar du noko spesielt frå sjølve konfirmasjonsdagen?*
Ikkje anna enn at to av søskenborna mine og vart konfirmerte den dagen, så me feira i to dagar for å få med heile slekta!
Korleis vert det å møtast att – etter 50 år?
Eg gleder meg og ser verkeleg fram til samlinga! Me reknar med at godt 70 vil møtast i Timekyrkja den dagen, og mange av desse har eg ikkje sett på 50 år. Tru om eg kjenner dei att, alle  – etter eit halvt hundreår?

*AV*

# Samtale med komande konfirmantar

*Helgedagen har tatt kontakt med ungdomar som nå skal starta førebuing til konfirmasjon våren 2013:*


*Elisabeth Steinsland*

**Elisabeth Steinsland** frå Grødem
Skal delta på undervisning i Time kyrkje

Kva tankar og forventningar har ho?

Gleder seg til å læra mykje nytt.
Gleder seg til å bli kjent med nye folk.
Gleder seg til å få bunad.
Gleder seg til ALT!

Mormor til Elisabeth, Astrid E Grødem, er ein av gullkonfirmantane i år.

---


*Andrea Espedal*

**Andrea Espedal**
Skal ha undervisning i Bryne kyrkje

Tankar om konfirmanttida som snart startar opp:
Veit at ho vil læra meir om kristendomen.
Trur det vert kjekt.
Ho har visst sjølv at ho vil konfirmerast i kyrkja.
Gleder seg til å vera med og hjelpa til på gudstenester.
Ønskjer å vera med i gruppe der ein får prøva seg som hjelpeleiar, i f.eks. Lys Våken.
Som konfirmant, med både teoretisk og praktisk læring, vil ho visa at ho er ein kristen.

Morfar til Andrea, Tor Ree, er også gullkonfirmant i år.

*OU*

---

Det Norske Misjonsselskap

I samband med Samlingsfesten for NMS-foreiningane i Time og Frøyland/Orstad vart John Steinar Dale, invitert til å fortelja om Sat-7. Han er tidlegare Madagaskar-misjonær, seinare sokneprest i Hundvåg, nå pensjonist med ekstra godt kjennskap til Midtausten og Nord-Afrika.

***John Steinar Dahle*** har sendt denne informasjonen om Sat-7 som de finn på neste side:




"SAT-7 kan besøke en persons hjem hver dag, bringe med seg mange forskjellige taler , presentere kristne synspunkter på mange forskjellige emner. Og, det kan SAT-7 gjøre i millioner av hjem samtidig!"

*Det er oppgaven våre kristne brødre og søstre i den delen av verden står overfor. De er seg bevisst sin kristne arv og identitet – og de har vært der fra begynnelsen av. Araberne er nevnt i pinsefortellingen i Apostlenes Gjerninger, nærmere bestemt i 2,11*

Da Bibelselskapene i Midtøsten gjorde år 2004 til Bibelens år i Midtøsten, var det bl.a. nettopp for å understreke, og få ut til sine medborgere, budskapet om at Bibelen er deres felles arvegods – som oppsto i deres egen del av verden, og slett ikke har kommet hverken fra Amerika eller Europa.

Hva gjør så de ofte hardt pressede kirkene i de arabisk-talende land når de vil styrke de enkelte kristnes frmodighet til å være gode og troverdige kristne vitner i nærmiljøet? Et av deres viktigste redskap er SAT-7. Det er et nettverk av kristne arabisk-språklige satellitt-TV-kanaler for de kristne i Midtøsten og Nord-Afrika. I de seinere år er det for øvrig utvidet, slik at SAT-7 nå også omfatter TV-sendinger på farsi (persisk) og tyrkisk.

SAT-7 var på lufta første gang den 31. mai i 1996. I de dager var det en beskjeden start, med 2 timer sending hver fredag, på analogt system. Nå er SAT-7 på lufta, på digitalt system, døgnet rundt, året rundt, på 5 kanaler! Sendingene kan tas imot både i Midtøsten, Nord-Afrika og Europa. Ikke bare kan de tas inn, men folk følger sendingene, i stadig økende grad. Ikke fordi det er en kristen kanal, men fordi de produserer god TV, med et særdeles variert program-tilbud for alle aldersgrupper. Programmene produseres av og blant målgruppen, altså de arabisk-, farsi- og tyrkisk-talende kristne i området, og kanalen har alle sine faciliteter i regionen.

Det ville jo ikke være noe poeng i å la evangeliet først ta en svingom via vesten og ikles vestlig kulturell og politisk emballasje før det ble sendt tilbake til Midtøsten. Nei, her må vi la dem ta ansvar som har det, og støtte dem i det!

En av grunnene til denne sterke satsingen er at de kristne kirkene i Midtøsten har vært, og er, meget vel klar over medie-strukturen i området. TV har i mange år vært det mest solgte husholdnings-apparat i regionen!

De kristne kirkene i Midtøsten har så greid å samarbeide på tvers av konfesjonsgrensene, ettersom SAT-7 var et prosjekt av slike dimensjoner at ingen av dem den gang ville kunne greie å starte opp noe slikt aleine, og så mente de at dette arbeidet er viktig.

Biskop Moussa i Den Koptisk Orthodoxe Kirke sier det på denne måten: Sat-7 kan gjøre hva ingen kirke kan:

"SAT-7 kan besøke en persons hjem HVER DAG, bringe med seg MANGE FORSKJELLIGE TALERE , presentere kristne synspunkter på MANGE FORSKJELLIGE EMNER. Og, det kan SAT-7 gjøre i MILLIONER AV HJEM SAMTIDIG!"

Fellesskap betyr mye for de kristne i Midtøsten. De vil gjerne ha oss i andre verdensdeler med som samar-beidspartnere. Derfor er det inspirerende å se at stadig flere norske og nordiske organisasjoner, menigheter og enkelt-personer er blitt med som venner av SAT-7.

*John Steinar Dale*

Korleis har du det…
EIGENTLEG?
Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST




Sigurd Idland er på plass som ny medarbeider ved Lye forsamlingshus

## Sigurd Idland
**- i ny jobb på Lye forsamlingshus:**

# Skal motivere stab av frivillige

**Han er kjent i forsamlingen som leder av dramagruppen, og har ved flere anledninger deklamert store tekstavsnitt fra Bibelen utenat. I august startet han i ny jobb som administrativ ansatt på Lye forsamlingshus.**

Sigurd Idland vil være et friskt pust inn i det frivillige arbeidet. Familien kom til Lyefjell for fire år siden.

Stillingen skal finansieres gjennom frivillige gaver. Ordningen med en fast ansatt i disse funksjonene er foreløpig en prøveordning frem til neste sommer.

**Inspirasjon og fornyelse:** -Sigurd Idland skal både være en administrativ koordinator og til inspirasjon for mange av de frivillige medarbeiderne som legger ned mye arbeid på huset, sier leder i Lye forsamlingsstyre, Arne Heggheim.

-Virksomheten har vokst, og behovet for en egen fast ansatt har vært etterlengtet lenge. Mer struktur og plan og større kontinuitet er et av målene for den nye satsingen. Nå er vi glade for at Sigurd Idland har sagt ja til å gå inn i denne stillingen, sier han.

De fleste aktivitetene på forsamlingshuset skjer på frivillig basis. Nå satser forsamlingen på en egen fast medarbeider i halv stilling. Han skal drive ledertrening, avlaste de frivillige lederne og utføre administrativt arbeid.

-Vi merker at det trengs inspirasjon og fornyelse innenfor det vi holder på med, og da både håper og tror vi at Sigurd Idland kan være et frisk pust, sier Eivind Stene i Lye forsamlingsstyre.

-Har du satt deg noen konkrete mål for arbeidet du nå går inn i?

**Tjene med gaver og evner:** -Jeg ønsker å utfordre folk til tjeneste, fordi det har en verdi i seg selv å tjene Gud med de evner og gaver han har gitt oss.

-Hvordan vil forsamlingen merke at vi har fått en ny administrativ medarbeider?

-I første omgang vil jeg gjøre meg kjent med arbeidet og skaffe meg en oversikt over de ulike arbeidsgreinene. Og så vil jeg være en synlig og tilgjengelig person.

-Hva blir dine viktigste gjøremål?

**Mangfold i tjenesten:** -I instruksen for stillingen står det at jeg skal utføre administrative oppgaver for søndagsskolen, ha oppgaver knyttet til den nye åpne barnehagen Lykkeliten, være med å organisere Fredag i fellesskap, drive ledertrening og delta på Lye forsamlingsstyre sine møter, sier han.

-Hvorfor tar du på deg denne oppgaven?

-Vi har engasjert oss på Lye forsamlingshus siden vi kom til Lyefjell for fire år siden. Her fant vi oss godt til rette, og har fått brukt av oss selv på forsamlingshuset. Når denne muligheten åpnet seg, var det lett å svare ja, sier Sigurd Idland som er gift og har to jenter.

**Kontor på Bryne:** Sigurd Idland vil delta i kontorfellesskapet til Time kyrkjekontor på Bryne.
Han er fra Stavanger, blir 39 år i september, er utdannet lærer og har de siste fem årene undervist ved Tryggheim ungdomsskule på Nærbø.

-Og hvordan finansieres stillingen?

**Finansieres av gaver:** -Gjennom frivillig givertjeneste, sier Arne Heggheim. Han bekrefter at dette er en dristig satsing, siden forsamlingen allerede lønner ungdomsprest Ole Tørring gjennom gaver. Nå vil støtten fra trosopplæringsprosjektet falle bort, slik at Lyebuen må øke sitt engasjement fra 80 til 100 prosent her. Og så kommer stillingen på 50 prosent som Sigurd Idland nå skal fylle.

Det er behov for cirka 70.000 kroner hver måned for å lønne de to medarbeiderne.
*Les mer:* ***www.lyeforsamlingshus.no***

*DHF*

## Bjørn Inge Hauge

# Ser fram til å jobba med trusopplæring og kyrkjelydsutvikling

**-Det fantastiske med trusopplæring er mulighetene! Det seier den nye medarbeidaren som Time felleskyrkjelege råd har tilsett. 31- åringen, Bjørn Inge Hauge frå Ålgård skal mellom anna ha oppgåver innan trusopplæring og kyrkjelydsutvikling. 1. august starta han opp i den nye jobben.**

Bjørn Inge har kateketutdanning og grunnfag i sosiologi og pedagogikk. Deretter masteroppgåve innan kyrkje og undervisning. Oppgåva handla om «Trusopplæring og kyrkjelydsutvikling», og han brukte då ein kyrkelyd i bispedømmet som «case». Etter utdanninga arbeidde han 3 år som prosjektleiar for eit ungdomsprosjekt på heimplassen, Ålgård. Dette som ein del av kyrkelyden si trusopplæring. Prosjektet følgde han opp med å vera ungdomspastor i to år. Så var han i eitt år SFO-leiar på Sørbø skule, før han altså tek fatt på nye oppgåver i Time.

Helegedagen møtte ein ferierande Bjørn Inge ein sommardag i juli.

**Du har ein del erfaring med ungdomsarbeid, sjølv om du ennå er ung! Kva trur du blir viktig i den nye jobben?**
Det er viktig å tenkja kyrkjelydsutvikling. Korleis vera kyrkje? Korleis møta folk i ulike samanhengar i livet? I den nye jobben vil eg nok få nytte av erfaringa frå ungdomsarbeidet på Ålgård og det administative arbeidet i SFO. Også kunnskapen eg fekk i samband med masteroppgåva, er viktig ballast for meg.

**Fortel litt om barne- og ungdomstida di!**
Eg er fødd på Stord, men familien flytta til Ålgård då eg var 12 år. Eg har berre gode minne frå barne og ungdomstida. Me var tre brør, og mor og far var begge engasjert i bedehus og kyrkje. Det var ei trygg og god ungdomstid. Og det vart naturleg for meg å vera kristen og halda fram i kristent arbeid. Eg har aldri hatt behov for «opprør».
Og nå har du sjølv fått familie..

Ja, me har tre barn: gut på seks år, jente på tre år og ei jente som vart fødd i mai. Kona mi er frå Ålgård.

**Kva var det som fekk deg til å gå frå SFO til jobben på Bryne?**
Eg lika meg godt i SFO og var eigentleg ikkje jobbsøkjande. Men då eg vart kjend med kva dei såg føre seg i Time, og at det var noko som eg svært gjerne ville jobba med, bestemte eg meg for å ta utfordringa.

**Bryne kyrkjelyd vil gjerne vera «den opne famns kyrkje». Kva tenkjer du om det?**
Det er ei forståing av det å vera kyrkje som eg har sansen for. Og det vil eg vera med på. Folkekyrkja er ein god arena for å visa omsorg og hjelp. Både i kvardagen og ved store


Bjørn Inge Hauge

hendingar i familie og slekt. For ikkje lenge sidan opplevde eg dette sterkt då eg mista faren min omtrent samtidig som me fekk ei jente. Livet er alt dette, og eg trur at dei fleste har behov for å retta blikket oppover.

**Du får også oppgåver innan trusopplæring!**
Ja, og det blir viktig og gir fantastiske muligheter! Det er å håpa at foreldra vil at barna blir med på dette. Kyrkja har store utfordringar her.

**Kva gjer du på fritida?**
Som småbarnsfar er kvardagen travel. Men eg har alltid vore glad i musikk, og eg spelar ennå litt bassgitar i kyrkelyden på Ålgård. Og så likar eg å vera kreativ, å leggja til rette for noko - både med hender og på annan måte.

*RT*




**Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen.** Send e-post til tsjili@misjonsalliansen.no eller ring 22 94 26 00.

Lye forsamlingshus:

# Givertjeneste for to ansatte



Ole Tørring Sigurd Idland

Barn og ungdom står sentralt når Lye forsamlingsstyre satser på å lønne både ungdomsprest og administrativ medarbeider ved hjelp av giver-tjeneste

**Hvorfor skal vi gi?:**
-Fast givertjeneste er en fantastisk mulighet til å styrke barne- og ungdomsarbeidet ved Lye forsamlingshus. Virksomheten er både forebyggende ungdomsarbeid og meningsfull bruk av fritid. De unge som går på forsamlingshuset, får med seg verdifull ballast som de tar med seg videre i livet. Uten frivillige gaver er det vanskelig å opprettholde mangfoldet og kvaliteten i arbeidet.

